

Bent Are Mjelstad

Fra: Bent Are Mjelstad
Sendt: fredag 18. august 2023 10:01
Til: Post Osterøy
Kopi: andreas.sylta@osteroy.kommune.no
Emne: Søknad om etablering av VA-anlegg på Lammaneset Gnr. 110
Vedlegg: Situasjonsplan va 180823.pdf; Erklæring om rettighet - gnr. 110 bnr. 1.pdf; Erklæring om rettighet - gnr. 110 bnr. 84.pdf; Erklæring om rettighet - gnr. 110 bnr. 96.pdf

Hei.

Mjelstad og Stokke Rørleggerf. As søker med dette om å etablere felles va-anlegg på Lammaneset, slik situasjonsplanen datert 18.08.2023 viser.

Raknes Vassbyggjarlag med fleire, har engasjert oss for å etablere felles vass- og avlaupsanlegg for ein del eigedomar på Lammaneset.

Vasstilførselen til Lammaneset kjem i dag frå kommunal kum på 110/2. Felles vassleidning på 110/76 med koplingar heldt ikkje dagens standard og har ført til lekkasjar mm. Det er også lite overdekking på leidningen. Istadenfor å reparere eksisterande vassleidning har me anbefalt å etablere nytt anlegg frå ny kommunal kum på gnr. 110 bnr. 1 ved Lammanesvegen. Fleire eigarar ønskjer også å kople seg til kommunalt avlaup. Me vil derfor etablere pumpestasjon på 110/76 med fall leidning frå Lammanesvegen.

Vassleidning

Det vert etablert ein VL 63 mm frå kommunal kum 2840, til ny kum på 110/76. Eit strekk av leidningstrasè vert i borehol under 110/84 og 110/96. Frå den nye kummen vert det lagt ny VL 63 mot sjø, der eldre VL63 vert kopl saman med den nye. Frå same kummen vert det lagt nye VL32 til alle eigedomane som er tilkopl før sjøen. Den gamle vassleidningen vert plugga i eksisterande kum på 110/55.

Avlaupsleidning

Det vert etablert pumpestasjon på 110/76 med fall leidning frå Lammanesvegen, slik at dei som naturleg har fall til pumpestasjonen kan kople seg til. Pumpeleidningen vert tilkopl kommunal kum 2879. Eit strekk av leidningstrasè i borehol under 110/84 og 110/96. Det er 5 eigedomar som har ønskje om tilkopling i første omgang.

Det er også planlagt å etablere stikkleidningar for va til 110/82 og 110/67.

For 110/67 vert det lagt stikkleidning ut av fellesgrøft i første omgang. Dersom heile grøfta vert etablert samtidig, sender me eigen søknad om sanitærabonnement.

Eigarar av 84/24 og 25 (Fjellskål 46 og 50) ønskjer tilkopling til kommunalt vatn frå Lammaneset og la det gå via boreholet mot sjø. I første omgang vert det lagt vassleidning i borhol ut i sjø. Dette vert etablert saman med va-leidning til 110/5 m. fl, byggjesak 22/3485.

Vedlagt er erklæringar frå grunneigarar som har gitt løyve til etablering.

Planen er å etablere VA på Lammaneset samtidig som det vert lagt VA til 110/5 mfl.

Eventuelle søknad om sanitærabonnement kan ettersendast evt. sendast samam med søknad om tiltaket.

Mvh

Bent-Are Mjelstad



Tel: 56 19 31 40

Mob: 48 19 87 29

E-post: bent@mjelstadogstokke.no

Web: www.mjelstadogstokke.no